



Notat

Dato: 19.02.2019
Arkivsak: 2019/1627-2
Saksbehandlar: rolrose

Til: Utval for miljø og samferdsel
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tillitsvaldordningen for Forsvaret ynskjer vernepliktspris på kollektivtransport

Tillitsvaldordningen for Forsvaret har tilskrive alle fylkeskommunane i landet og bedt om at det vert oppretta ein eigen priskategori for vernepliktige mannskap som gjeld for alle soner, og som har same prisnivå som barne- og honnørbillett.

I fylgje rundskriv frå samferdselsdepartementet datert 17.11.1983, så skal vernepliktige mannskap få 50% rabatt på einskildreiser. Likevel slik at minstetakst er lik minstetakst for vaksne. Denne regelen er gjeldande i Hordaland.

I den nye sonestrukturen for Hordaland inneber det at vernepliktige betalar fylgjande einskildbillettakst for buss, bybane og Askøybåten:

Ei sone: kr 38
To soner: kr 38
Tre soner: kr 50
Fire-sju soner: kr 71

Båtrutene gjev 50% rabatt for alle reiser med einskildbillett. Ei endring av regelverket vil gje mindreinntekter for kollektivtrafikken, og ei slik sak må eventuelt vurderast i ein budsjettsamanheng. Fylkesrådmannen finn ikkje at det er tungtvegande grunnar til å avvika frå samferdselsdepartementet sine føringar på takst- og rabattområdet.